



Advokatfirmaet Thommessen AS  
Postboks 43 Nygårdstangen  
5838 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/458 - 15/13463

Saksbehandlar:  
Kristin Nåmdal  
kristin.namdal@meland.kommune.no

Dato:  
30.06.2015

## Vedkommande kommuneplan arealdel

Viser til dykker brev datert 30.04.15 der de har merknader til kommuneplanen sin arealdel på vegne av Alfred Iden/Björg Sjøtun Iden.

Merknaden dykkar gjeld to saker, den første gjeld grunneigar sitt ynskje om å utvide arealet som er lagt ut som småbåthamn /marina. Når det gjeld området mot nordøst, er det i tråd med framlegg til privat reguleringsplan som er under arbeid. Ynskje om å utvida området mot sørvest i retning mot lo bru er ikkje imøtekomen i dette planframlegget.

Den andre delen av merknaden omhandlar habilitet i plansaksbehandling. Habilitetsspørsmålet har vore eit tema i arbeidet med kommuneplanen. Habilitet var ei drøftingssak i innleinga av fomannskapsmøte den 08.05.15. Skrivet frå advokat Grande datert 30.04.15 låg føre. Medlem i formannskapet Sigmund Larsen gjekk frå møte ved handsaming av habilitetsspørsmål. Ved avrøysting vart han samrøystes erklært habil. I handsaminga av kommuneplan i kommunestyret den 17.06.15. vart det grundig debattert/belyst og stemt over dei ulike medlemmene sin habilitet i saka. Her gjorde mellomanna Sigmund Larsen greie for ulike innspel som kunne påverke habiliteten hans. Ved avrøysting vart han erklært innhabil.

I arbeidet med arealplan har vi vore medvitne på at dette ikkje skal vere ein «innspelsplan». Dette skal vere ein plan som speglar dei overordna vurderingar som administrasjon og politikarane meiner kan vere gode grep for å skape ei god lokalsamfunnsutvikling i kommunen.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Kristin Nåmdal  
samfunnsplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Advokatfirmaet Thommessen AS

Postboks 43  
Nygårdstangen

5838

BERGEN